

Avtale mellom grunneigar og Gullhaugkonsertane

1. Avtalen gjeld mellom det frivillige laget Gullhaugkonsertane (GHK) og grunneigar (GE) av gnr/bnr 206/1 Fatland i Kvinnherad.
2. Avtalen gjeld i 10 år frå datoen han er underskriven. Avtalen kan seiast opp skriftleg av kvar av partane, med 12 månaders varsel. Har GHK ikkje hatt arrangement i løpet av dei siste 24 månadene, fell avtalen bort.
3. GHK skal ha rett til å arrangera sine konsertar og konsertliknande arrangement på Konsertområdet på Gullhaug, og på Naturscenen i Naturstien, begge på GE sin eigedom.
4. Konsertområdet er definert som området frå porten på Gullhaug, og bortover mot nordvest, til og med kapellet. Det inkluderer scene, tribune, servicebygg, utekjøken, og andre faste installasjonar som måtte vera i dette området, dessutan også flyttbare paviljongar.
5. Under GHK sine arrangement disponerer dei Fatlandskogen sine parkeringsplassar.
6. Gullhaug er meint å vera ein sentral del av GE sin næringsaktivitet. GE skal utvikla Gullhaug på ein slik måte at Konsertområdet blir godt tilpassa begge partane sine behov.
7. GE finansierer sjølv alle tiltak og installasjonar som er permanente på eigdommen. GHK finansierer utstyr og tiltak som er spesielle for deira aktivitet. Partane skal generelt samarbeida om utstyr og tiltak som blir brukt av begge partar.
8. GHK betaler leige til GE for bruk av området. Leiga skal fastsetjast i eigen årleg avtale mellom partane. Leiga kan vera for kvart arrangement, eller fast beløp for året, eller ein kombinasjon. Avtalen skal inngåast før 1. april. Om ikkje ny avtale blir inngått, gjeld same avtalen som året før.
9. Konsertplan for GHK sine arrangement skal setjast opp før 1. april kvart år, med planlagt dato for konsertane gjennom resten av året. Planen kan endrast og tilpassast undervegs, etter diskusjon mellom partane. Partane skal generelt ta omsyn til kvarandre sine planar.
10. GHK står sjølv for lotteri, kiosk og anna naturleg tilhøyrande sal i Konsertområdet ved konsertane deira, og inntektene er fullt og heilt GHK sine. Dette gjeld også for timane før og etter sjølv konserten. GE kan ha annan type sal gåande på andre delar av Gullhaug i same tidsrommet, men kan ikkje ha tilsvarende salsaktivitet som GHK sin.
11. GE kan ikkje inngå avtalar med andre konsertarrangørar som konkurrerer direkte med GHK om tidspunkt og/eller konsept, utan at dette er skriftleg avtalt med GHK.
12. Om det i avtaleperioden oppstår tilhøve som gjer det nødvendig å gjera endringar eller tillegg i avtalen, skal partane diskutera eventuelle endringar. Når dei er samde, blir ny underskriven avtale gjort gjeldande frå avtalt tidspunkt.
13. Om det oppstår tvist, skal denne løysast på minneleg måte.

Fatland, den 19.12.2024

Arne Gjerde
Grunneigar

Torvald Gjerde
Leiar GHK

Per Ove Kviteberg
Styremedlem GHK

Hildegunn Ruud
Styremedlem GHK

